



Dkg. Kommunal- og moderniseringsdepartement
Postboks 8112 Dep.
0032 OSLO

Vår ref. 14/748- 12
Jp.id. 15/11543

Saksh. Kent Geirmund Dagsland Håkull
Tlf. 53671516

Arkiv
N - 510

Dato
17.11.2015

Uttale til høyring - forslag til endringar i plandelen av plan og bygningslova - Ullensvang herad

Administrativ uttale frå Ullensvang herad og Granvin herad

Denne uttalen er utarbeidd saman med Granvin herad. Me ønskjer å peike på at Departementet tek utgangspunkt i KOSTRA-tal for kommunar med over 50 000 innbyggjarar, og føreset at det er her innsparing av tid har størst potensial. Uttalen vår tek utgangspunkt i kommunar som er langt mindre. Frå vår ståstad bør fagleg kvalitetet vera eit like sterkt omsyn for endring, som effektivisering. Me har valt å fokusera uttalen vår på fire hovudpunkt:

- **Om moglegheit for å stoppe eit planinitiativ, formalisering av oppstartmøte og endringar i handsaming av planframlegg**

Føremålet med endringa er å leggja til rette for ein meir effektiv planprosess og fremja bruken av parallell byggjesakshandsaming. Ved å kunne stoppa planar ønskjer ein å spara både private og offentlege ressursar.

Me trur ikkje endringa vil føre til ei slik effektivisering. Å leggja meir vekt på oppstartsmøtet kan likevel vere nyttig av andre årsaker: primært for å styrke kvaliteten i planarbeidet. I rurale kommunar er kommunaplanen (og ikkje områderegulering) eit særskilt viktig verktøy for planlegginga, og med meir styringsrett i oppstartsfasen kan kommuneplanen verta eit enda viktigare verktøy for å avklara kva private planframlegg som heradet skal fremja.

For tiltakshavarar derimot vil endringa føre til at det må nyttast meir ressursar på eit tidlegare og meir usikkert stadi av prosessen. Dette er ikkje effektivt for arealplanlegginga i rurale område, der fleirtalet av dei private planframlegge kjem frå små aktørar med avgrensa ressursar. Som det er no, ser me på oppstart av planarbeid som ein rimeleg og einskild måte å avklara kva interesser det er rundt eit planframlegg. Etter gjennomgang av merknader kan tiltakshavar stoppa arbeid med planen før det kjem større kostnader fram mot 1. gongs handsaming. Å skulle leggje fram detaljert informasjon om prosjektering av tiltak mv., før ein slik offentlig tilbagemelding er henta inn, vil føra til større utlegg på eit endå meir usikkert tidspunkt i prosessen. Dersom ei slik endring er naudsynt i større kommunar, så meiner me at lova må klare å gjere forskjell på større og mindre planframlegg.

Konklusjon: Det kan vere fornuftig å styrke oppstartsmøtet, men det bør inkludera avgrensingar for å ikkje stoppa mindre private planinitiativ i rurale kommunar.

- **Om endring av gjeldande reguleringsplanar**

Utgangspunktet er eit ønskje om meir aktiv bruk av gjeldande planverk. Ein ønskjer å gje kommunane moglegheit for i større grad å nytta skjønn i vurderinga av kva type reguleringsendring som skal leggjast til grunn.

Me meiner dette vil bidra positivt til effektivisering av planarbeidet. Me trur også at den faglege kvaliteten på tiltaka som ligg i endringa kan bli betre. Per i dag ser me mange dispensasjonsakar som ideelt sett burde vore handsama som planendring. At slike sakar no kan handsamast etter kap. 12 gjev moglegheit for å stille krav om fagkompetanse hjå tiltakshavar. Gjeldande planverk vert også oppdatert som del av prosessen, noko som også er ein demokratisk føremon: endringa vert meir synleg og lettare tilgjengeleg enn ein dispensasjon.

- **Om endring av grunnlaget for dispensasjonar**

Føremålet med endringa er å bidra til mindre ressursbruk i kommunal sakshandsaming og auka handlingsrommet politisk.

Me ser på endringa som eit steg i motsett retning sett i høve til moglegheit for endring av plan, jf. merknaden over. Vårt innspel vil vera å samordna planendring og dispensasjonssøknad, til dømes ved ein formulering i § 19, der ein peikar mot planendring. Etter vår erfaring er ressursbruken i dispensasjonssaker mykje knytt til utgreiing av bakgrunnsinformasjon og vurdering av konsekvensar. Dispensasjonssøknadar er ikkje i same grad som plantiltak knytt opp mot eit formelt krav om dokumentasjon og fagleg kompetanse.

- **Om etablering av ein frivillig sentral godkjenningsordning**

Føremålet er å heva kvaliteten på arealplanlegging og då spare tid i handsaminga. Me er positiv til ein slik ordning og delar erfaringa som kjem fram i notatet. Dette er ein vesentleg tidstjuv i planarbeidet. Me vil peike på at krav til plankompetanse også kan utvidast til det offentlege som arbeidsgjevar, til dømes kommuneplanleggjar eller planhandsamar i ein offentlig fagetat.

Eit anna viktig moment vil vere moglegheit for private til å veljeplankonsulent med dokumentert minimumskompetanse. Me trur mange private slit med å finna kvalifiserte konsulentar utanom dei større konsulentverksemda. Ofte vert resultatet ein planfagleg svak løysing. Som kommuneplanleggjarar ville med då kunna stilla krav om å nytta godkjente planleggjarar. Dette ville gjera det enklare for tiltakshavar å finna ein kompetent konsulent. Me meiner samstundes at funksjonen med moglegheit for tilbakemelding ved manglande fagleg nivå på levering kan vere ein viktig motivasjon for heving av det generelle nivået. Men her må ein samtidig unngå å over-spesialisera fagfeltet, slik at ein stenger relevant kompetanse ute.

Med helsing
Ullensvang herad

Kent Geirmund Dagsland Håkull
Planleggjar

Kopi til arkiv og kopibok